

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 15. desember 2010

- Til stades:* Ottar Grepstad, Sigrun Høgetveit Berg, Åse Lill Kimestad, Margrethe Kvarenes, Ola T. Lånke (ikkje sak S 14.3), Trond Trosterud, Helene Uri (ikkje sakene S 14.2 og S 14.3), Åse Wetås (ikkje sakene S 14.1, S 14.2, S 14.3 og S 14.4), Kamil Øzerk
- Frå sekretariatet:* Sigfrid Tvitekkja (fungerande direktør), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef), Eilov Runnestø (rådgjevar). Desse var ikkje med under sak S 14.5.
- Frå Kulturdepartementet:* kulturminister Anniken Huitfeldt, ekspedisjonssjef Roy Kristiansen, underdirektør Kristin Solbjørg, seniorrådgjevar Ingvar Engen. Desse var med ved opninga av møtet.
- Frå nynorsknemnda:* nemndleiar Grete Riise (sak S 14.4)
- Møtestad:* Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
- Møteleiar:* Grepstad
- Referent:* Runnestø
- Møtetid:* Kl. 12.00–16.30

Sakliste

Konstituering

- S 12.1/10 Presentasjonsrunde og arbeidsform
- S 12.2/10 Godkjenning av innkalling og sakliste
- S 12.3/10 Førebels protokoll frå styremøtet 30. august 2010

Informasjonssaker

- S 13.1/10 Organiseringa av Språkrådet
- S 13.2/10 Oppsummering 2006–2010 (frå medlemmer i det førre styret)
- S 13.3/10 Informasjon frå direktøren
- S 13.4/10 Personalsaker
- S 13.5/10 Stillinga i teiknspråk

Vedtaksaker

- S 14.1/10 Møteplan 2011
- S 14.2/10 Førebels rekneskap 2010
- S 14.3/10 Fagråda: kriterium og oppnemning
- S 14.4/10 Nynorsknormalen (nemndleiar Grete Riise innleier). Om høyringsmøtet Morsmålsdagen 2011
- S 14.5/10 Direktørstillinga

Konstituering

S 12.1/10 Presentasjonsrunde og arbeidsform

Styreleiaren ynskte vel møtt til nytt styre og ny arbeidsperiode, og styremedlemmer og folk frå sekretariatet presenterte seg for kvarandre. Han ynskte statsråden og hennar medarbeidarar velkomne og såg det som ein viktig språkpolitisk gest at ho vitja styret.

Statsråd Anniken Huitfeldt minte om at Språkrådet er direkte underlagt Kulturdepartementet, og at styret eigentleg er statens styre. Men fagleg er det eit heilt sjølvstendig råd. Språkrådet har fått fleire nye funksjonar. Det skal ha ansvar også for minoritetsspråk, teiknspråk og språket i forvaltninga, difor har det vore nødvendig å utvida talet på medlemmer i styret. Det trengst breiare kompetanse til å ta seg av dei over 100 tiltaka som stortingsmeldinga om språk (2007–2008) reknar opp. Vedtektene for Språkrådet blir endra i samsvar med dette.

Mellom styret og departementet skal det vera dialog. I saka om direktørtilsetjinga vil statsråden ha nær kontakt med styreleiaren, ho vil ha innspel frå styret, som kan gje råd, men minte om at styret ikkje har innstillingsrett.

Statsråden peikte på at styret skal ta stilling til mange store saker. Særleg ville ho trekkja fram medieområdet, kor mykje norsk mediepolitikk kan få å seia på det språkpolitiske området. Ho ynskte til lukke med innsatsen med å tilsetja ein direktør, men mest med dei mange oppgåvene som ventar på å bli løyste (jf. språkmeldinga).

Styreleiaren peikte på nokre av dei store endringane frå Norsk Språkråd til Språkrådet. Han bad om tilslutning til ei arbeidsform prega av opne og tydelege prosessar utan omkampar og med drøftingar konsentrerte om møta. Han informerte om dei viktigaste styringsdokumenta for arbeidet, og viste til at fleire må lagast i tida som kjem. Styreleiaren takka direktøren og sekretariatet for stødig arbeid i denne krevjande overgangsfasen og bad henne ta helsinga med til heile sekretariatet.

S 12.2/10 Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknad: Åse Wetås sa seg inhabil i sak *S 14.4/10 Nynorsknormalen*.

Vedtak: 1 Innkallinga og saklista er godkjende.
2 Styret innfører signert vedtaksprotokoll frå og med det første møtet i 2011.

S 12.3/10 Protokoll frå styremøtet 30. august 2010

Sakspapir: Den førebelse protokollen frå det siste møtet i det førre styret

Vedtak: Styret tek den framlagde protokollen til orientering.

Informasjonssaker

S 13.1/10 Organiseringa av Språkrådet

Sakspapir: Omdanninga av Språkrådet, april 2008
Årsmelding Språkrådet 2009

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 13.2/10 Oppsummering 2006–2010 (frå medlemmer i det førre styret)

Sakspapir: Brev frå Kulturdepartementet 19. august 2010, invitasjon til møte om organisasjons- og styringsmodellen for Språkrådet
E-post 4. november 2010 til Kulturdepartementet vedlagt
Oppsummering av røynsler frå styremedlemmer i Språkrådet 2006–2010 – og vidare

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 13.3/10 Informasjon frå direktøren

Direktøren orienterte især om den utvida årlege rapporteringsordninga som departementet påla Språkrådet i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*. Sekretariatet er i gang med *Språkstatus 2011*, som styret får til vurdering på eit seinare styremøte.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 13.4/10 Personalsaker

Direktøren orienterte om:

- ho går ut i svangerskapspermisjon frå 5. mars 2011
- rådgjevar Daniel Ims går ut i farspermisjon frå 1. januar til 30. april 2011
- Nina Teigland er tilsett som samfunnsrådgjevar frå 1. august 2010
- Erlend Lønnum er tilsett som rådgjevar frå 1. november 2010
- Vigdis Nilssen er tilsett som arkivleiar frå 16. november 2010, etter at Siri Skaaret sa opp
- Astrid Marie Grov er engasjert som førstekonsulent frå 1. oktober 2010 til 10. oktober 2011
- Ingebjørg Før Gjermundsen er engasjert som førstekonsulent frå 1. januar til 31. mai 2011
- dei interne stillingane som fagrådssekretærar har vore utlyste
- den interne stillinga som fagkoordinator (som Tvitekkja hadde før ho vart fungerande direktør) er lyst ut

- ein intervjurunde til stillinga som rådgjevar i terminologitenesta er ferdig, og innstillinga er snart klar
- i nynorsknemnda har nemndleiar Grete Riise gått frå 30 til 40 % tilsetjing og nemndsekretær Aud Søyland frå 50 til 100 % tilsetjing
- namnekonsulentane har lagt bak seg ei åremålstilsetjing på seks år, og dei er oppnemnde på nytt

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 13.5/10 Stillinga i teiknspråk

Sakspapir: Brev frå Kulturdepartementet 5. november 2010 om utviding av ansvarsområdet for Språkrådet
Utlysingstekst til stilling som rådgjevar i teiknspråk

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtakssaker

S 14.1/10 Møteplan 2011

Sakspapir: Notat 7. desember 2010 frå sekretariatet

Vedtak: Styret har møte 22. februar (Oslo), 20. mai (Oslo), 22. august (telefonmøte), 1.–2. september (stad blir fastlagd seinare) og 15. desember (Oslo, med samkome om kvelden). Det kan også bli aktuelt med styremøte dagen etter Språkdagen 2011.

S 14.2/10 Førebels rekneskap 2010

Sakspapir: Taloppstilling per 15. desember 2010 frå sekretariatet (delt ut på møtet)

Vedtak: Styret tek den førebelse rekneskapen til etterretning.

S 14.3/10 Fagråda: kriterium og oppnemning

Sakspapir: Mandat for fagråda, sjå *S 13.1/10 Organiseringa av Språkrådet*
Brev 21. oktober 2010 frå Språkrådet til fagrådsmedlemmene
Notat 7. desember 2010 frå den fungerande direktøren

Vedtak: 1 Styret nemner opp medlemmer i fagråda for perioden 2011–2012 i samsvar med

- notatet frå direktøren og framlegga på møtet.
- 2 Styreleiaren og direktøren får fullmakt til å oppnemna dei medlemmene som ikkje var klare til styremøtet 15. desember.

S 14.4/10 Nynorsknormalen, nemndleiar Grete Riise innleier. Om høyringsmøtet Morsmålsdagen 2011

Sakspapir: Nokre saksførelegg frå saka *S 15.5/09 Revisjon av nynorskrettskrivinga med ny utgåve av Nynorskordboka* (oppe på styremøtet 16. desember 2009)
Frå referatet frå møtet i rettskrivingsnemnda 11.–12. oktober 2010

Vedtak:

- 1 Styret legg vekt på at prosessen blir fullført i tråd med mandatet frå desember 2009 og den planen nemnda har for slutføring av arbeidet.
- 2 Styreleiaren og direktøren planlegg elektronisk høyring, og høyringsmøte 21. februar 2011, i samråd med nemndleiareren på grunnlag av drøftinga i møtet.
- 3 Styret tek stilling til framlegget frå nemnda på styremøtet i mai.
- 4 Styret drøftar prosess for innføring av den nye normalen på møtet i mai.

S 14.5/10 Direktørstillinga

Sakspapir: Notat 12. desember 2010 frå styreleiaren med framlegg til utlysingstekst
Framlegg til utlysingstekst frå KUD 26. november 2010
Brev frå KUD til styret 21. oktober 2009
Brev frå styret til KKD 20. juni 2008

Vedtak:

- 1 På grunnlag av synspunkta i møtet får styreleiaren fullmakt til å slutføra drøftingar med departementet om tilsetjingsprosess og utlysingstekst.
- 2 Styret rår til å bruka eit hovudjegerfirma frå og med utlysing av stillinga, men føreset ei tydeleg arbeidsdeling og rolleforståing mellom partane.
- 3 Styreleiaren og nestleiareren representerer styret i intervjupanel og vidare oppfølging.
- 4 Styreleiaren formidlar til departementet rådet frå styret til ny konstituering av direktør frå 1. mars 2011.

Godkjend i møtet 22. februar 2011

Ottar Grepstad (sign.)
leiar

Karl Henrik Steinsholt
fungerande direktør